



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

VALLE KOMMUNE
Postboks 4
4746 VALLE

Vår dato: 21.05.2026
Vår ref.: 202423351-5 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: .2024/520-29, 141

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs uttale - Høyring - Kommuneplanens samfunnsdel og arealstrategi - Valle Kommune

Vi viser til brev datert 08.04.2026 med høyring av forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi.

Om NVE

NVE er nasjonal sektormyndede for flaum, erosjon, skred, vassdrag, grunnvatn og energi. I tillegg rettleier vi om førebygging av skadar frå overvatn og forvaltning av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Som høyringsinstans skal vi bidra til at nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområda våre blir vareteke.

NVEs uttale

NVE meiner at det er viktig at samfunnsdelen omtaler samfunnstryggleik, beredskap og klimatilpassing, og at det er bra at det står under «*Overordna arealstrategi*»:

- Beredskap og klimatilpassing skal vere ein del av arealplanlegginga.
- Ta omsyn til flaum- og skredfaresoner, tilkomst for veg, brannberedskap og andre fysiske faktorar når nye utbyggingsområde og næringsområde skal planleggast.

Det står vidare under «*Føresetnader for å lykkast med arealstrategien*»:

«Arealplanlegginga skal òg ta omsyn til beredskap og samfunnssikkerheit i tråd med prinsippa ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Kommunen skal sikre at innbyggjarane har god eigenberedskap, og at kritisk infrastruktur og samfunnsfunksjonar er robuste. Klimaendringar, nasjonal sikkerheit og globale helseutfordringar skal inngå i vurderingane av framtidige planar og utbyggingar.»

NVE er einig i dette, men vi saknar ein omtale av heilheitleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) og ein plan for om denne og beredskapsplanar skal rullerast jamleg. Det bør òg vere ein plan for om desse skal omhandle alle aktuelle risiko og sårbarheitsforhold.



Med helsing

Peer Sommer-Erichson
fung. seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

VALLE KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I AGDER